

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 25.10.2016
Tid: Kl. 11:00
Stad: Norsk Kvernsteinsenter, Hyllestad

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø og Laura Kvamme.
Hanne B. Oftedal kunne ikkje møte, Anders Ryssdal møtte som vara.
Olve Grotle kunne ikkje møte, Hege Lothe var kalla inn som vara men møtte ikkje.

Frå adm. møtte: Direktør Inge Bent Arnestad
Referent: Inge Bent Arnestad

SAKLISTE:

30/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste
31/2016: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 06.09.2016
32/2016: Orienteringar
27/2016: Evaluering av styreinstruks (saka vart utsett i møte 06.09.2016)
28/2016: Evaluering av styret og leiing i MiSF (saka vart utsett i møte 06.09.2016)
33/2016: Norsk Reiselivsmuseum ut som eiga avdeling
34/2016: Intensjonsavtale med Måløyraidsenteret - status
35/2016: Ymse

SAK 30/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 31/2016: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 06.09.2016.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøte 06.09.2016 vert godkjend

Vedtak:
Protokoll frå styremøtet 06.09.2016 vert godkjent
Samrøystes

SAK 32/2016: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**

Vedlegg: *Rekneskapsrapportar pr. 31.08.2016.*

- **Sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 30.09.2016</u>	<u>Fordeling</u>	<u>korttid</u>	<u>langtid</u>
Eigenmelding	0,48 %		0,48%	0,00%
Sjukemelding	1,41 %		0,41%	1,00%
Børns sjukdom	0,08 %		0,08%	0,00%
Totalfråvær	1,97 %			

- **HMT – Internkontroll - Personale:**

- Informasjon om revisjon av Internkontrollhandbok / HMT
- Informasjon om pågåande arbeid i AMU-utvalet
- Revisjon av interne personalplanar

- **Besøksstatistikk 2016**

Vedlegg: *Spesifisert besøksstatistikk 31.08.2016*

- **Status Ramstad Eskefabrikk**

Orientering om teknisk vurdering av anlegg og status kjøpsprosess Ramstad Holding AS

Vedlegg: *Statusrapport 22.08.2016*
Status ventilasjon 29.06.2016
Status elektrisk anlegg 11.08.2016
Brannteknisk vurdering 14.10.2016
med planteikning rømningsvegar

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

Vedlegg: *Aktivitetsrapport frå avdelingane*

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande

SAK 27/2016: EVALUERING AV STYREINSTRUKS

Saksansvarleg:

Harry Mowatt

Saksutgreiing:

Styret evaluerer MiSF sin gjeldande styreinstruks

Vedlegg: *Styreinstruks, vedteken 14.06.2010.*

Etter drøfting i styret vart det gjort følgjande vedtak:

Styret for MiSF vedtar gjeldande styreinstruks for MiSF.

Samrøystes

SAK 28/2016: EVALUERING AV STYRET OG LEIINGA I MISF

Saksansvarleg:

Harry Mowatt

Saksutgreiing:

Styret evaluerer eige og administrasjonen sitt arbeid.

***Vedlegg:** Evalueringsskjema styre og administrasjon
(felles skjema)*

Oppsummering evaluering av styre og administrasjon (**Unt. off.**)

Vedtak:

Styret for MiSF tek saka til vitande.

Samrøystes

SAK 33/2014: NORSK REISELIVSMUSEUM UT SOM EIGA AVDELING

Sakshandsamar:

Inge Bent Arnestad

Saksgrunnlag:

Viser til styresaker 18/2014 b) og Sak 22/2014, seinast samrøystes vedtak i sak 30/2014:

- 1. Norsk Reiselivsmuseum held fram som integrert avdeling i De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum i driftsåret 2015.*
- 2. Ved revisjon av strategiplan og gjennomgang av driftsstruktur, vil ein på nytt vurdere framtidig organisering i MiSF.*

Saksutgreiing

Som grunnlag for sakutgreiinga er styresak 30/2014 med tilhøyrande høyringsuttalar frå alle avdelingane (sjå vedlegg).

Norsk Reiselivsmuseum vart fusjonert med stiftinga DHS-Sogn Folkemuseum i 2007. Offentlege driftsmidlar, tilsette og all drift har i snart 10 år vore fullintegret i DHS-Sogn Folkemuseum si daglege drift.

Norsk Reiselivsmuseum fekk i samband med fusjonen tilført auka museumsressursar og brei kompetanse innan mellom anna museumsdrift, formidling, samlingsforvaltning og handverkarressursar.

Denne fusjonen var avgjerande for det vidare arbeidet med å skaffe ressursar og investeringsmidlar til realisering av eit nytt reiselivsmuseum i Balestrand.

Skal Norsk Reiselivsmuseum i framtida drivast og vidareutviklast på ein tilfredstillande måte, vil det vere behov for ekstra ressursar i tillegg til dei to eksisterande stillingane ved avdelinga.

DHS-Sogn Folkemuseum sine ressursar har vore heilt avgjerande for arbeidet ved Norsk Reiselivsmuseum dei siste 10 åra, og MiSF har ikkje anna tilsvarande museumsressursar som kan erstatte) desse om avdelinga vert ei eiga sjølvstendig avdeling.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Norsk Reiselivsmuseum held fram som integrert avdeling i De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

Vedtak:

Norsk Reiselivsmuseum held fram som integrert avdeling i De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

Samrøystes

SAK 34/2016: INTENSJONSAVTALE MED MÅLØYRAIDSENTERET – STATUS

Sakshandsamar:

Inge Bent Arnestad

Saksgrunnlag:

Viser til samrøystes vedtak i sak 06/2013 Konsolidering med Stiftinga Måløyraidsenteret «Styreleiar får fullmakt til å forhandle fram ein intensjonsavtale med utgangspunkt i drøftingane i styret og legge den fram for styret til handsaming.

Vilkåret for ei konsolidering må vere at drifta er fullfinansiert slik at eksisterande avdelingar ikkje vert skadelidande.»

Den 29.05.2013 inngjekk MiSF og Stiftelsen Måløyraid Senter ei intensjonsavtale som grunnlag for ein konsolideringsprosess.

Saksutgreiing:

I flg. inngått intensjonsavtale av 29.05.2013, er det ein føresetnad at driftsmidlar må følgje Måløyraidsenteret før partane skal kunne forhandle fram ei konsolideringsavtale.

MiSF har i budsjettsøknad til Norsk Kulturråd søkt om øyremerkta midlar til drift av Måløyraidsenteret for budsjettåret 2017, både frå kulturdepartementet med kr. 600.000 og Sogn og Fjordane fylkeskommune med kr. 500.000.

MiSF har prioritert driftsmidlar til Måløyraidsenteret som søknadsprosjekt 1.

I framlagt statsbudsjett for 2017 er det ikkje lagt inn midlar til drift av Måløyraidsenteret. Grunnlag for å forhandle fram ei konsolideringsavtale er ikkje tilstades.

Vedlegg:

- Intensjonsavtale av 29.05.2013
- Søknad om offentlege driftsmidlar
- Statusrapport Måløyraidsenteret

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

1. På bakgrunn av at intensjonsavtala ikkje er oppfylt, kan styret i MiSF ikkje gå i forhandlingar med stiftinga Måløyraidsenteret om ei konsolideringavtale, gjeldande f.o.m. 01.01.2017.
2. Styret i MiSF er opne for at partane kan forhandle dersom det i løpet av budsjettåret 2017 vert gjort vedtak om varige midlar til drift av Måløyraidsenteret.

Vedtak:

1. På bakgrunn av at intensjonsavtala ikkje er oppfylt, kan styret i MiSF ikkje gå i forhandlingar med stiftinga Måløyraidsenteret om ei konsolideringavtale, gjeldande f.o.m. 01.01.2017.

2. Styret i MiSF er opne for at partane kan forhandle dersom det i løpet av budsjettåret 2017 vert gjort vedtak om varige midlar til drift av Måløyraidsenteret.
Samrøystes

SAK 35/2016: YMSE

Harry Mowatt
Styreleiar

Laura Kvamme
Styremedlem

Arild Hartmann Eriksen
Styremedlem

Steinar Evebø
Styremedlem

Ingrid Norum
Styremedlem

Anders Ryssdal
Varamedlem

Inge Bent Arnestad
Direktør